



Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14880 - 20/66112

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
21.10.2020

Oversender søknad til uttalelse - gbnr 213/1, 2, 6 og 59 Eikanger nedre

Tiltak: dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 213/1, 2, 6 og 59
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Alver kommune

Saka gjeld søknad om dispensasjon for midlertidig trafikkisikringstiltak med ein tidshorisont på 5-10 år i påvente av etablering av ny skule på Fyllingsnes.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som tenesteyting (BOP). Vidare er området omfatta av sone for bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova (H710) i påvente av kommunedelplan «Prosjekt: E39 Flatøy – Eikefettunellen».

VURDERING

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrense mot Mykingvegen og dispensasjon frå plankrav i punkt 2.2.3 i føresegnene til Kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2031, Lindås kommune. Området er også omfatta av omsynssone H510 (omsyn landbruk).

Tiltaket omfattar tilrettelegging av trafikkisikringstiltak på areal avsett til tenesteyting (BOP) i gjelande arealdel i ein tidsperiode på intill 10 år. Føremålet med tiltaket er å få eit ryddigare køyremønster nærmast skulen. Det skal også etablerast fortau frå p-plassar og ved droppsone der føremålet er å leggja til rette for at elevar, tilsette, føresette og besøkjande kan ferdast tryggare enn dagens situasjon. Søkjar har ved utforming av løysninga lagt vekt på at ein vil unngå rygging og farlege situasjonar med kjøretøy i området.

For ytterlegare opplysningar om søknad om dispensasjon sjå vedlegg «Veg – Dispensasjon og løyve til oppføring etablering av trafikkisikringstiltak – GBNR 213_1/2/6/59» datert 25.08.2020.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Ei førebels vurdering frå administrasjonen er at søknaden omfattar enkle tiltak som enkelt kan fjernast om det er naudsynt i framtida. Tiltaket er med å sikre trafikktryggleiken for mjuke trafikantar i området og ein dispensasjon sikrar vesentlege samfunnsinteresser i området. Tiltaket er også mellombels i påvente av etablering av ny skule på Fyllingsnes som skal avløyse Eikanger skule.

Tiltaket er elles vurdert til å vera i tråd med arealføremålet (tenesteyting) og tilsidesett såleis ikkje omsynssone H510.

Veglova

Det er gjeve løyve til mellombels avkjørsle i vedtak datert 04.09.2020 og dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunal veg i vedtak datert 04.09.2020. For ytterlegare informasjon sjå vedlegg.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Svar på søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunal veg - Gbnr 213/2 og 213/6, Eikanger nedre

Løyve til mellombels avkjørsle - parkeringsplass - GBNR 2132

Søknad om løyve til oppføring av midlertidig tiltak og dispensasjon

Teikningar

Mottakarar:

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål 2605 LILLEHAMMER